



Ing. S. Hallgren VVA-Planleging AS
Tjuvikveien 4
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2214 - 16/29808

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
28.10.2016

Dispensasjon og løyve til etablering av vassleidning - gbnr 24/1 og 24/3 Fammestad

Administrativt vedtak. Saknr: 517/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Ing. S. Hallgren VVA-Planleging AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak og planstatus:

Byggesaksavdelinga har motteke søknad om løyve til tiltak for etablering av ny hovudvassleidning ved Kløve bustadfelt. Heile anlegget ligg i LNF i kommuneplanen og omfattar rundt ein kilometer med leidningar med diameter 110 til 200 m med tilhøyrande kummar. Utdrag frå søknaden, side 3:

Vannledningsforbindelsen er av stor betydning for å utbedre og opprettholde stabil og tilfredsstillende vannforsyning i området, og gjennomføring av tiltaket er høyt prioritert av kommunens VA avdeling. Ved ferdiggjøring av vannledningstraseen er grøftetraseen forutsatt planer for eventuell seinere etablering av skogsveg/traktorveg. Grunneier har innhentet forhåndstilsagn far Staten Vegvesen for avkjørsel fra Mykingvegen, se vedlegg.

Landbruksveg er ikkje vist på søknaden, berre omtala som eventuell etterbruk av den masseutskifta leidningstraseen.

Dispensasjon

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen

Det vert elles vist til søknad motteken 01.07.2016 og supplert 21.07.2016.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Dispensasjonssøknaden

Tiltaket omfatter ny hovedvannledning fra eksisterende vannverkskum vest for Furulia til og med tilknytning eksisterende vannledning mot høydabasseng og mot Myking sør for FV 397 Mykingvegen slik dette er vist på tegning 130410-1 datert 15.3.2016. (vedlegg til søknad datert 29.6.-16)

Vannlednings lengde omlag 1km, lednings dimensjoner Ø 110 mm og Ø 200 mm med tilhørende kummer.


Ved ferdig gjøring av vannlednings traseen er deler av grøfte traseen forutsatt planer for eventuell seinere etablering av

jordbruksareal.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev 13.07.2016. Dokumentasjon vart motteken frå ansvarleg søkjar 21.07.2016.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden og henta inn uttale frå andre styresmakter. Og det har teke ekstra tid å få avklart korvidt etablering av landbruksavkjørsle og landbruksveg er ein del av søknaden.



Uttale frå andre styresmakter

Søknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og internt i kommunen. Både landbrukssjefen og plansjefen har uttala at dei ikkje har merknader til tiltaket. Det har elles ikkje komme inn nokon merknader til dispensasjonssøknaden, bortsett frå ei presisering frå statens vegvesen:

Det gitt førehandstilsegn om avkjørsle frå fv. 397 Mykingvegen. Førehandstilsegna er gitt på bakgrunn av søknad om stenging av trafikkfarleg landbruksavkjørsle 60 meter lenger sørvest, og føremålet for den nye avkjørsla er landbruk. Søknaden, datert 24/3 2014, ligg vedlagt dette brevet. Dersom avkjørsla er tenkt brukt til anna føremål, t.d. skogbruk, må det søkast om dette.

Forholdet til naboar

Naboar er varsla, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Skråfoto



Privatrettsleg

Vi legg til grunn for handsaminga at det er inngått nødvendige grunnavtalar.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggst særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Det har ikkje komme merknader frå naboar eller andre styresmakter.
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket er viktig for sikring av vassforsyning til området

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av eksisterande vassforsyning.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsinteressene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkar si vurdering til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (verknad av kommuneplanens arealdel) for etablering av vassleidning i samsvar med søknad.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til fylkesmannen for klagevurdering.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i **eitt trinn** for etablering av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.04.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Grøftetraseen kan planerast som fundament for framtidig landbruksveg, der dette er tenleg. Elles skal terrenget ryddast, planerast og såast til.
3. Før det kan etablerast landbruksveg må denne vara godkjent av landbrukssjefen etter søknad.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen med søknad om ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjonsløyvet løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 16/2214**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Lindås kommune

Postboks 7310 5020
Kvernhusmyrane 5914
20

Bergen
ISDALSTØ

Mottakarar:

Ing. S. Hallgren VVA-Planleging AS
Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging
as

Tjuvikveien 4 5108
Tjuvikveien 4 5108

HORDVIK
HORDVIK